

Havet

Høyr Vesthavet bryt over holmar og svad
og tungalda mullar sitt sorgtunge kvad,
det marmar so jamnt frå dei glattslipte fluer,
med skumrenner millom som drivande bruer.

Eg hørde det tidt i vinternatt svart
då sjøen gjekk kvit, og vinden bles hardt.
Det braka og small som frå tusund kanonar
men under let djupe, mektige tonar.

Og skumsprøyten stod som ein boge til vers
der sjøen braut fram på kryss og tvers.
Stokkar og stybbar var malme i sunder
og båtar var fyllte med sjø, og gjekk under.

Og langt der ute på brusande hav
der fann seg so mange si våte grav
dei stridde og bala so lenge dei greidde,
til havet sitt likklæde over dei breidde.

Ja, havet er fælt når det reiser seg villt.
Det bryt ned for fote, det dømer 'kje mildt.
Det skapte so tidt ein ulukkeleg lagnad
og breidde sorg der det fyrr var fagnad.

Men stundom eg såg det då kveldssol gjekk ned,
det blikta og skein i slik underleg fred.
Det låg som ein spegel so langt som eg skoda,
heilt til det ytste, der kveldssola roda.

Og småbåtar rodde kring fluer og fall
no var det so smult over sjøen all.
Alle fluer og båar låg gøymde
og sjøfuglar sat kring på skjera og drøymde.

I einsame stunder då lengtar eg dit
når trøytt eg meg kjenner av kvardagens slit.
Og stundom når fjella for utsyni stengjer
då fer eg til havet på snøkvite vengjer.